

# **FORVALTNING AV RESSURSANE I SKOGEN**

## **Organisering og finansiering**



Granskog i Gjesdal - Foto Stein Bomo

**Tilråding frå arbeidsgruppe oppnemnt av Landbruksdirektøren i Rogaland.**

## Samandrag og tilråding

Skogen i Rogaland er ein viktig ressurs, både i økonomisk og klimamessig forstand. Regionen står føre ein periode med store omstillingar til eit meir differensiert næringsliv samstundes med at regionen må tilpasse seg meir eit utfordrande klima. Her kan skogen vera ein del av løysinga og ein viktig bidragsytar.

Landbruksdirektøren konstaterer at dagens offentlege forvaltning av skogressursane i Rogaland ikkje legg til rette for å utnytte potensialet, og sikrar heller ikkje ei forsvarleg skogforvaltning. Det blei derfor teke initiativ til å opprette ei arbeidsgruppe for å utgreie ei alternativ organisering som i større grad nyttar dei mulighetene og det ansvaret kommunane har for forvaltning og vidareutvikling av skogressursane.

God skogforvaltning krev kompetanse og kapasitet. Arbeidsgruppa tilrår at kommunane i Sør-Rogaland går saman om å etablere felles skogforvaltning med ansvar for skogforvaltning, skogsvegar og viltforvaltning. Dei tilsette i den felles skogforvaltninga skal dekke alle kommunane som er med i ordninga, men av praktiske grunnar bør den etablerast med 2 – 3 kontorstader.

Arbeidsgruppa tilrår ei organisering som administrativt vertskommunesamarbeid etter ny kommunelov kapittel 5 a.

Arbeidsgruppa har sett på modellar der inntil 18 kommunar samarbeider, og viser modellar med 4 eller 5 tilsette i den felles skogforvaltninga. Det vil vera ei minimumsbemanning for å dekke behovet i alle kommunane.

Landbruksdirektøren meiner at ei felles og kompetent skogforvaltning er av stor betydning for å utnytte dei mulighetene som skogen gir, og signaliserer derfor at kommunane kan rekne med eit bidrag frå Fylkesmannen/landbruksavdelinga til delfinansiering av den felles skogforvaltninga. I utgreiinga er det lagt inn bidrag på 2 nivå – kr 700 000 og kr 1 mill. pr. år.

Den nye skogforvaltninga bør sikrast kontorplassar i nokre av kommunane. Arbeidsgruppa oppfordrar derfor kommunane til å vurdere om dei kan tilby med kontorplassar for 1 – 3 medarbeidarar, og om kommunen er interessert i å vera vertskommune for skogforvaltninga.

## 1. Innleiing

Landbruksdirektøren i Rogaland inviterte kommunane i Sør-Rogaland til eit dialogmøte 13. mars 2018 der temaet var «mulig interkommunal samordning av forvaltninga innan skog og utmark».

Møtet konkluderte med at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som skulle utgreie muligheter for samordning.

Kommunane blei orienterte om arbeidet og mandatet til arbeidsgruppa i e-post til rådmennene datert 5. april 2018.

Utgangspunktet for utgreiinga er skogen som ressurs, og korleis vi skal forvalte denne ressursen på ansvarleg vis. Når vi omtalar skogen som ressurs i denne utgreiinga omtalar vi først og fremst skogen som økonomisk ressurs. Men skogen er også ein ressurs for rekreasjon og friluftsliv, eit område der dyr og fuglar lever, omfattar viktige biotopar for økologisk mangfald og er eit viktig karbonlager med betydning i klimasamanheng.

## 2. Mandat og arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

1. Beskrive oppgåver og kompetansebehov for den kommunale skogforvaltninga.
2. Skissere forslag til organisering og ressursbehov til den kommunale skogforvaltninga.
3. Utarbeide modellar for kostnadsdeling og finansiering og forslag til samarbeidsavtale.

Arbeidsgruppa har bestått av:

Kåre Strand, Klepp kommune (leiar)  
Irene Holta Tjøstheim, Hå kommune/Norsk landbruksrådgiving  
Hans Petter Tønnesen, Eigersund kommune  
Arnt Mørkesdal, Sandnes kommune  
Svein Kjetil Rønnevik, Forsand kommune  
Stein Bomo, Fylkesmannen i Rogaland (sekretær)

## 3. Nasjonale og regionale føringar

Skogpolitikken har klare tilrådingar om auka verdiskaping innanfor heile skogsektoren og skogen som ein viktige del av løysinga på klimautfordringane. Sitjande regjering har eit ekstra tydeleg fokus på infrastruktur og oppfølging med planting etter stor hogstaktivitet. Sentrale styringsdokument er:

- St.meld.nr. 6 «Verdier i vekst – konkurransedyktig skog- og trenæring» (2016-2017)
- SKOG 22 (2015) «Nasjonal strategi for skog og trenæringen – tiltak for å øke verdiskapingen»
- Kystskogmeldinga (2015)
- Regionalt bygdeutviklingsprogram i Rogaland 2013
- St.meld. nr. 21 "Klimameldinga" (2011-2012)
- Regionalplan landbruk (2011)
- Regionalplan energi og klima (2010)
- Handlingsplan for skogbruket i Rogaland (2009)
- St.meld.nr.39 "Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen" (2008-2009)

Innhaldet i desse overordna føringane gir klare målsettingar og tiltak for heile kystskogsektoren. Det skal særleg satsast på auka skogproduksjon og oppbygging av kvalitetsskog – planting og skjøtsel. Kommunane spelar ei nøkkelrolle for gjennomføring av målsettingane.

## 4. Kommunane sine oppgåver

Kommunane er førstelinja i skogbruksforvaltninga. Sakene startar hos kommunen – både dei som kjem i posten (søknader mv.) og dei som kommunen sjølv har ansvar for å ta tak i (kontroll og oppfølging).

Det er ei rekkje lovpålagte oppgåver som gjeld alle kommunar, store og små i skogleg samanheng. Desse oppgåvene krev skogkompetanse, anten formell eller uformell. Det er ikkje slik at små skogkommunar treng lågare skogkompetanse enn store kommunar, men dei treng gjerne færre dagsverk.

Oppgåvene kan gjerne delast i

- **Forvaltningsoppgåver** (lovar og forskrifter, tilskotsforvaltning, skogfond, Virkesdatabasen mv.)
- **Næringsutvikling** (motivering, planlegging, oppfølging, tiltaksarbeid, prosjektarbeid mv.). Innafor skogbruk gjeld dette også foredling som sagbruk og bioenergi
- **Planlegging** (kommuneplanar, landbruksplanar, energi og klimaplanar, hovudplan skogsvegar, skogbruksplanlegging)

Mange av oppgåvene ligg i politikkområde som overlappar med **miljøforvaltninga**. Det kan vera utfordrande. Kommunane har eit klart mandat til å balansere skogbruket sitt ve og vel opp mot ulike miljøspørsmål. Denne jobben krev ofte høg kompetanse på begge fagområda.

Dei viktigaste fagfelta/arbeidsområda som rullar og går er:

- Skogkultur – forynging og ungskogpleie
- Vegbygging
- Pyntegrønt (juletre og klippegrønt)
- Tilskotsforvaltning (tilråding og vedtak til skogkultur, skogsvegar, drift i vanskeleg terreng m.m.)
- Forvaltningsoppgåver for skogfond og rapportering til skattestyresmaktene
- Kurs og informasjonsarbeid (mest bør-oppgåver, men rettleiingsplikt)
- Skog og klima
- Bioenergi
- Trebruk – sagbruk

### Andre skogfaglege oppgåver i kommunane

*Frøforsyning mv.*

Det offentlege har eit ansvar for å sikre at det brukast velegna frø og plantemateriale av god kvalitet til skogproduksjon. Ansvaret er heimla i ei eiga «*Forskrift om skogfrø og skogplanter*». Kommunen har blant anna eit ansvar for å kontrollere at treslag og plantemateriale tilpassa område/plassen for utplanting blir brukt etter gjeldande reglar, og at bruken er skogfagleg forsvarleg.

*Vernskogforvaltning*

I fleirtalet av kommunane i fylket er det vedtatt vernskogforskrifter i medhald av skogbruksloven. Kommunen har her både eit ansvar for saksbehandling og eit oppfølgings- og kontrollansvar. Det er vanskeleg å utøve denne jobben utan skogfagleg kompetanse.

*Anna lovforvaltning*

Ved verdsetting og avgrensing av skog i høve til krav i lovverket (eks. konsesjonslov, odelslov) er skogkompetanse nødvendig. Bl.a. kvalitet og prising av tømmer og driftsprisar ved ulike terreng og driftsmetodar. Også ved saksbehandling etter ei rekkje andre lovverk er det påkravd med skogkompetanse der saka gjeld skogareal og/eller skogsvirke. Plan- og bygningsloven og naturmangfaldloven er eksempel på dette. Kommunen skal sikre at skogbruket sine interesser inngår i avvegingane som blir gjort i plansaker, saker etter naturmangfaldloven og i energisaker.

#### *Næringsutvikling og klima*

Kommunen er også førstelinja i arbeidet med å utvikle skognæringa til større verdiskaping og styrke skogen si rolle i arbeidet mot klimaendringar. Også desse oppgåvene krev skogfagleg kompetanse.

Eksempel på konkrete oppgåver her er auka produksjon og utbygging av bioenergi og auka bruk av tre. Ved tilskot og lån frå bl.a. Innovasjon Norge skal kommunen gi fagleg uttale om tiltaket. Vidare har kommunen ansvar for utarbeiding av hovudplanar for skogsvegnettet.

I klimaarbeidet skal kommunen arbeide for å styrke dei langsiktige investeringane knytt til oppbygging og skjøtsel av ny skog. Dette gjeld også arbeidet med gjennomføring av skogtiltak i kommunale og regionale energi- og klimaplanar.

#### **Vilt-, fisk og utmarkforvaltning**

Kommunane har ei rekke oppgåver etter viltlova (av 29.5.1981) som gjeld regulering av storvilt- og småviltjakt, og har også i nokre tilfelle moglegheit for å fastsette fellingsavgift. For innlandsfiske er det ingen lovfesta oppgåver, men dette kan vere aktuelt i enkelte kommunar der det ligg til rette, eller finst potensiale for kommersiell utnytting.

Skog- og utmarksareala er også område for jakt, fiske og friluftsliv. Denne utgreiinga vurderer det slik at det er innan skogforvaltninga det er mest sannsynleg å finne kompetanse innan jakt og jaktforvaltning. Dei høgare utdanningane innan skogforvaltning inneheld også ofte jaktfaglege tema. Utgreiinga tilrår derfor at jakt og jaktforvaltning blir knytt til skogforvaltninga.

## **5. Skog som verdiskapar**

Nasjonale skogpolitikk tek mål av seg til å 4-dobla verdiskapinga frå skogbruket innan 2040. Dei same ambisjonane er også nedfelt i regionale planar – Kystskogmeldinga 2015 som er vedteken av i alt 10 fylkeskommunar frå Vest- Agder t.o.m. Finnmark.

Trøndelagsforskning (TFoU) fekk i samband med Kystskogmeldinga 2015 i oppdrag å sjå på samla sysselsetting og produksjonsverdiar i skogbruket langs kysten (Rapport nr 13, 2014 Skognæringens verdiskaping i kystfylkene). Rapporten frå TFoU viser verdiskapingstal frå heile verdikjeda i Rogaland på 2,7 mrd. kr og over 2100 sysselsette. Rogaland er spesielt store på trelast og trevarer.

Det grønne skifte/bioøkonomien og overgangen frå svarte til grønne karbon gir store muligheter for verdiskaping basert på skogressursane. I prinsippet kan alt som blir framstilt av olje i dag produserast med basis frå skog/trevirke.

For å nå desse måla må skogressursane takast aktivt i bruk og vidareforedlast innanlands.



## 6. Skog og klima

For å nå togradersmålet som blei vedteke på klimatoppmøte i Paris 2015, har FNs klimapanel utarbeida ulike scenarior ved ulike utslepps nivå, der utsleppa av CO<sub>2</sub> må kuttast mellom 40-70 % innan 2050. Innan 2100 må vi binde meir karbon enn vi slepp ut. Dette krev store endringar i alle sektorar.

Skogen spelar ei sentral rolle for å nå desse klimamåla gjennom opptak og lagring av CO<sub>2</sub>. Skog er ein del av karbonkretsløpet og ein viktig del av klimaløysinga, jf. FNs klimapanel sine tilrådingar. I tillegg kan trevirke erstatte materialar og produkt som ikkje er fornybare og gir store klimagassutslepp når dei blir produserte. Bruk av trevirke betyr i praksis at CO<sub>2</sub>-lageret blir flytta frå skogen inn i nye bygg og produkt. Høgast klimanytte gir produkt med lang levetid – til dømes trebygg.

Skogen i Noreg dekkjer om lag 38 % av landarealet, og tek opp ein karbonmengde som tilsvarar omlag 60 % av våre samla utslepp av klimagassar i andre sektorar, jf. Rapport M26-2013 frå Miljødirektoratet (MD), Landbruksdirektoratet (LD) og Norsk institutt for biovitenskap (NIBIO). Det betyr at den norske skogen i dag tek opp om lag **25 -26 mill. tonn CO<sub>2</sub> netto årleg**. Det høge opptaket i skog er eit resultat av tidlegare innsats i skogreising og skogplanting frå 1950 utover. Tidlegare investeringar har gitt oss store areal med ung skog i og vekst skog som er eit stort, naturleg og kostnadseffektivt karbonfangstanlegg. Vidare karbonfangst er eit viktig bidrag i klimakampen, men føreset at vi driv eit berekraftig skogbruk der det vert satsa på å auka skogproduksjon, hogst og bruk av trevirke.

## 7. Kompetansebehov

For dei fleste av desse punkta har kommunane til dels detaljerte lovpålegg å forhalda seg til, og mange av oppgåvene **krev kompetanse ute i felt**. Eksempelvis fysisk godkjenning av landbruksvegar og skogkulturtiltak. Forvaltning rundt investeringar i skogbruket, slik som vegbygging og skogkultur, krev kunnskap om skattlegging og skogfond.

Eksempel på oppgåver og behov for kompetanse

- Godkjenne planar for landbruksvegar og hovudplan skogsvegar.
- Følgja opp veganlegga og sikre at dei blir bygde i tråd med byggjeløyvet – altså ute i felt.
- Vurdere søknader om offentleg tilskot til vegbygging.
- Kompetanse på planting/naturleg forynging, ungskogpleie og tynning for å handtere lov og forskrifter på skogområdet.
- Skattlegginga i skogbruket er ganske spesiell – og stort sett veldig bra for skogeigarane. Skogforvaltninga i kommunen skal gå god for at investeringane er skogfagleg og kostnadsmessig forsvarlege.
- Kommunen har eit lovpålagt førstelinjansvar vedrørande virkesdatabasen (VSOP); jf. bl.a. § 10 i skogfondsforskrifta. I den grad det skjer hogst i kommunen har kommunen her ei månadleg oppgåve i å sjekke at alle opplysningar er korrekte.
- Organisering, takstmetodar og tilskotsforvaltning av skogbruksplanlegging følgjer ei eiga forskrift.
- Kommunen skal føre tilsyn og kontroll på ei rekkje område på skogsektoren. Bl.a. dei som er nemnde ovafor. Dette er ikkje mogleg utan nødvendig kompetanse på dei områda som skal kontrollerast. Dei siste åra har det vore stort fokus på kontroll og oppfølging av foryngingsplikta i skogbrukslova – planting etter hogst.

Ein del av desse lovpålagte oppgåvene kan vera spesielt krevjande fordi kommunen sjølv må ta initiativ. Dvs. kommunen må ha oversikt over kva som skjer i næringa og gjennomføra nødvendig tilsyn og kontroll og ikkje minst oppfølging i etterkant.

Kommunen har også eit spesielt ansvar for å overvaka skogen med omsyn til fare for ulike skogskadar og for å melda frå om skadar til bl.a. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Jf. § 9 i skogbruksloven.

## 8. Skogforvaltninga i Sør-Rogaland fram til nå

Skogforvaltninga i Sør-Rogaland har fram til nå i stor grad vore ivareteke med ulike interkommunale funksjonar organisert med ein vertskommune.

**Dalane** har felles skogforvaltning for kommunane Eigersund, Sokndal og Bjerkreim.

**Jæren** har (hatt) felles skogforvaltning for Hå, Klepp og Time.

**Nord-Jæren** har felles skogforvaltning for Sandnes, Stavanger, Sola, Randaberg, Kvitsøy, Finnøy og Rennesøy. (Avtalen for Sola, Randaberg, Rennesøy og Finnøy er sagt opp med verknad frå 1.4.2019.)

Lund, Gjesdal og Forsand har løyst skogoppgåvene gjennom eige landbrukskontor. Det same gjeld for Strand og Hjelmeland, men i Hjelmeland er det for tida ein medarbeidar som er lønna av 50 % av kommunen knytt til skogforvaltning, og 50 % av Fylkesmannen i Rogaland til skogsvegplanlegging som skal tene heile fylket. Dette samarbeidsprosjektet er treårig med oppstart i 2017.

Samarbeidet på Jæren har stansa opp grunna pensjonering, og om kort tid vil dagens skogbrukssjef/skogforvaltar for Nord-Jæren blir pensjonist.

### Erfaringar med interkommunalt samarbeid innan skogforvaltning

I landbruksdirektøren sitt dialogmøte 13. mars blei det gitt ei orientering om interkommunalt samarbeid på dette feltet mellom 9 kommunar i Sogn. Dei presenterte følgjande satsingsområde:

- Grunnlag for å ta ut skogressursane og skape næringsutvikling
- Planmessig avklaring og forvaltning opp mot andre interesser
- Felles prioriteringsliste for skogsvegsøknadar i Sogn
- Utløyse interesse for å realisere prosjekt. Ofte fellesprosjekt som krev mykje koordinering av mange grunneigarar
- Infrastruktur for framtidig aktivt stell av skogen og bruk av dei samla utmarksressursane

Mykje av dei same utfordringane står vi overfor i Sør-Rogaland.

## 9. Utfordringar framover

Det overordna målet er å sikre at ressursane i skogane i Rogaland blir utvikla og utnytta på den økonomisk og miljømessig beste måten. Gode løysingar her vil gi effekt i form av økonomisk resultat, arbeidsplasser, klima- og miljøgevinst.

Dei største utfordringane på skogområde i Rogaland:

- **Kapasitet og kompetanse i kommunane** er ei utfordring for å sikre en forsvarleg skogforvaltning. Forvaltningskontrollar i kommunane gjennomført av Fylkesmannen og den faktiske ressursituasjonen på skogområdet i mange kommunar underbyggjer dette. Kommunane som førstelinje i forvaltninga spelar ei nøkkelrolle for gjennomføring av dei skogpolitiske målsettingane. Frå 2020 skal det overførast fleire skogoppgåver til kommunane blant annan tilskotsordningane til skogsvegbygging og driftstilskot til skogsdrift i vanskeleg terreng.
- **Investeringar i ny skog held ikkje tritt med rekordstor hogstaktivitet i granskog.** Berre 1/3 av hogstarealet blir tilplanta. I praksis ei nedbygging av den beste skogen og svært gode skogareal. Dette er ikkje ei berekraftig utvikling, og er i strid med både skog- og klimapolitikken i landet.

- **Hogst av ung skog.** 60 % av granskogen blir hogd før den er hogstmoden. I tillegg til ubalanse mellom hogst og investeringar i ny skog, forsterkar tidleg hogst ytterlegare dei negative konsekvensane for verdiskaping og klimanytte.
- **Flaskehalsar på offentleg veg og låg skogsbilvegdekning** gir ekstra høge transportkostnader samanlikna med innlandsskogbruket. Det er store behov for investeringar i skogsbilveggar og utbetring av flaskehalsar på offentlege vegar for å sikre konkurransekraft og rasjonell transport frå stubbe til industri.
- **Eigedomsstruktur** - mange små eigedomar som har liten økonomisk betydning krev fellesløyisingar både på infrastruktur og skogkulturinvesteringar. Dette krev mobilisering og ekstra innsats for å få gjennomslag for gode og framtidsretta løyisingar.
- **Kompetansebehov blant skogeigarane** - Svake tradisjonar for aktiv utnytting av skogressursane og små skogeigedomar med liten økonomisk tyding gjer at kompetansen hos mange skogeigarar er liten. Det er også slik at Rogaland er eit sterkt og stort jordbruksfylke som har ført til mindre fokus på ein aktiv forvaltning av skogareala. Det er i stor grad ei umogen næring som så vidt har begynt å hauste frå den store innsatsen/investeringane i skogreising som starta rundt 1950. Det er store behov for rettleiing mot skogeigarane for å utnytte og vidareutvikle skogen vidare.

For å kunne oppnå dei beste resultata er det viktig med rett, tilgjengeleg og tilstrekkeleg kompetanse. Store skogeigarar eller spesielt interesserte gardbrukarar har eller kan sikre seg denne kompetansen, men for størstedelen av skogarealet i Rogaland er ein avhengig av ein fellesressurs. Kommunane har på dette fagfeltet fått eit tydeleg ansvar og oppgåver gjennom nasjonale lover og forskrifter.

## 10. Modellar for organisering av skogforvaltninga

Arbeidsgruppa har vurdert 3 ulike modellar for framtidig organisering av skogforvaltninga i Rogaland.

**Modell 1** er ein slags primærmodell der den enkelte kommune tek ansvar for skogforvaltninga i eigen kommune. Arbeidsmessig vil dette truleg gje oss ein modell der skogforvaltning blir små brøkstillingar i kommunane, eller blir ein mindre del av ei hovudstilling innan eit anna fagfelt. Ved slike kombistillingar vil det vera kompetansebehovet i hovudstillingane som gir grunnlag for rekruttering. Arbeidsgruppa ser ikkje at ein slik modell verken gir effektiv utnytting av personalressursane eller ei fagleg forsvarleg forvaltning av ressursane i skogen.

**Modell 2** er ei form for områdemodell der nærliggande kommunar samarbeider om å løyse skogoppgåvene slik at det gir grunnlag for minst ei stilling med skogfagleg kompetanse.

**Modell 3** er ein modell der ein etablerer ei felles skogforvaltning for Sør-Rogaland med felles leiing – men gjerne med 2 – 3 kontorstader for at ikkje reisetid og avstandar skal bli for store.

Arbeidsgruppa vurderer dei 3 alternative modellane for framtidig organisering av skogforvaltninga slik:

Modell	Vurdering
Alternativ 1 – Primæralternativet – den enkelte kommune løyser oppgåvene innan skogforvaltninga i eigen kommune.	Ein slik modell vil medføre at skogoppgåvene som hovudregel vil bli tillagt ein person i deltidsstilling eller ein som har ei hovudstilling med andre oppgåver.  Modellen medfører små einingar som gjer at den enkelte kommune vil ha varierende



	<p>kompetanse og der skogfagleg kompetanse ikkje vil vera det viktigaste rekrutteringskriteriet. Modellen vil ikkje sikre fagleg kompetanse, og er sårbar ved sjukdom/fråvær.</p> <p>Modellen sikrar nærleik til skogeigaren og lokalkunnskap i forvaltninga.</p>
<p>Alternativ 2 – Felles skogforvaltning for einingar større enn kommunar, og tilstrekkeleg store til at det kan vera minst ei heil stilling med skogfagleg kompetanse.</p>	<p>Modellen sikrar eit minimum av skogfagleg kompetanse, men gir eit lite fagmiljø og vil vera svært avhengig av den som blir tilsett. Usikkert om dette vil framstå som attraktive stillingar, og modellen vil vera sårbar ved sjukdom/fråvær.</p>
<p>Alternativ 3 – Felles skogforvaltning for alle kommunane i Sør-Rogaland.</p>	<p>Modellen gir muligheter for å bygge opp breiare kompetanse og er mindre sårbar ved sjukdom/fråvær. Her kan ein tenke seg 4 – 5 tilsette der det er rom for at medarbeidar kan utvikle særleg kompetanse og vera ein ressurs for dei andre tilsette.</p> <p>Arbeidsgruppa ser for seg at det blir det 2 – 3 kontorlokasjonar for å redusere avstandane. Ei av stillingane bør ivareta koordinerande oppgåver.</p>

## 11. Arbeidsgruppa si tilråding

Arbeidsgruppa tilrår ei løysing etter alternativ 3, og meiner at dette er den einaste modellen som både ivaretek behovet for kompetanse, legg til rette for god rekruttering og som kan dekke opp for sårbarhet ved fråvær og sjukdom.

Modellen bør organiserast som ein vertskommunemodell etter ny kommunelov § 20.

### Bemanning og økonomi ved alternativ 3

Arbeidsgruppa har sett på økonomiske modellar for kostnadsdeling ved alternativ 3. Det er sett på modellar for 16 og 18 kommunar. (Dei 2 «ekstra» som ikkje var med frå starten er Strand og Hjelmeland.)

Det er i bemanningsplanen skissert ei løysing med 4 årsverk og ei løysing med 5 årsverk. I løysinga med 5 årsverk inngår også viltforvaltninga og ein særleg ressurs til planlegging og oppfølging av skogsvegbygging.

	A: 16/18 kommunar	B: 16/18 kommunar
Bemanning	4 årsverk fagpersonell + støttetjenester	5 årsverk fagpersonell + støttetjenester
	Kun skogforvaltning	Skog- og viltforvaltning
Lokalisering	2 tenestestader	3 tenestestader
Budsjettramme	3 800 000	4 500 000

I finansieringsmodellane er det lagt inn at kvar kommune som basis betaler 1,5 % av den samla kostnaden. Dette finansierer 22,5 % med 15 kommunar og 25,5 % med 17 kommunar. I begge modellane er Kvitsøy lagt inn skjønsmessig med eit rundt beløp på kr. 20/25 000. Kvitsøy er ikkje registrert med produktiv skog, men har likevel behov

for litt rådgjeving og jaktforvaltning. Dei resterande kostnadene blir foreslått fordelt mellom kommunane ut frå skogareal, og arbeidsgruppa tilrår at areal barskog blir lagt til grunn. Arbeidsgruppa vurderer det slik at ein modell basert på barskogsareal best reflekterer arbeidsmengde i forvaltninga og verdiane i skogen.

Tidsavgrensa prosjekt innan til dømes fiskeforvaltning kan vurderast inn i samarbeidet. Slike prosjekt må finansierast med ekstra tilskot utanom den skisserte finansieringsmodellen.

### Regionalt bidrag

Arbeidsgruppa meiner det vil vera avgjerande for å få gjennomslag for denne framtidsretta skogforvaltninga at det frå regionalt hald blir gitt bidrag til delfinansiering av den felles forvaltninga av skogressursane. I modellane er det skissert eit årleg bidrag på hhv. 1 mill. kr og 1,5 mill. kr. Arbeidsgruppa ser at det vil vera vanskeleg for Fylkesmannen/fylkeskommunen å binda dette for mange år framover, men arbeidsgruppa meiner at avklaring av finansieringa for minst 3 år må ligge til grunn før saka går til behandling i kommunane.

I val mellom dei 2 skisserte løysingane med 4 eller 5 årsverk, legg arbeidsgruppa til grunn at dersom viltforvaltninga skal inngå, er det naudsynt med min. 5 årsverk i den nye forvaltninga.

Arbeidsgruppa tilrår vidare at kommunane blir utfordra på å tilby vertskap for den nye forvaltninga. Vertskap vil bestå i å stille med kontor for dei tilsette. Modellane legg opp til lokalisering i 2 eller 3 kommunar. Fagstillingane vil arbeide sjølvstendig, men ei av stillingane bør få koordinerende oppgåver. Dersom ein modell med 4 fagstillingar blir løysinga vil lokalisering i 2 kommunar vera den aktuelle modellen.

Den praktiske arbeidsfordelinga knytt til personalforvaltning og kontorlokalisering er det hensiktsmessig å avklare som del av vertskommuneavtalen.

### Kostnadsfordeling

Basert på det som går fram ovanfor kjem arbeidsgruppa fram til følgjande mulige nøklar for kostnadsfordeling:

	Areal barskog	Sum modell 16 -1	Sum modell 16 - 2	Sum modell 18 - 1	Sum modell 18 - 2
Fylkesmannen		700000	1000000	700000	1000000
Eigersund	20 853	346 969	404 017	228 425	262 971
Sandnes	29 758	477 202	561 815	308 035	360 537
Stavanger	2 965	85 362	87 040	68 507	66 985
Sokndal	3 891	98 905	103 449	76 785	77 131
Lund	22 003	363 787	424 395	238 706	275 571
Bjerkreim	21 289	353 345	411 743	232 323	267 748
Hå	11 952	216 794	246 291	148 850	165 450
Klepp	3 804	97 632	101 907	76 008	76 178
Time	10 346	193 307	217 832	134 493	147 854
Gjesdal	8 005	159 071	176 349	113 564	122 205
Sola	1 845	68 983	67 194	58 494	54 714
Randaberg	527	49 707	43 838	46 711	40 274
Finnøy	10 451	194 843	219 693	135 432	149 004
Rennesøy	2 616	80 258	80 856	65 387	63 162
Forsand	16 878	288 836	333 580	192 889	219 420
Kvitsøy		25 000	20000	25 000	20 000

Strand	32 322			330 958	388 629
Hjelmeland	64 590			619 432	742 166
	264 095	3 800 000	4 500 000	3 800 000	4 500 000

Arbeidsgruppa ser det som fagleg mest tenleg om viltforvaltninga blir organisert saman med resten av skogforvaltninga. Gruppa tilrår derfor ein modell med 5 fagstillingar og ei kostnadsramme på 4,5 mill. år.

Gjennomføring vil vera avhengig av tilslutning frå dei fleste kommunane. Dersom nokre få kommunar vel å stå utanfor dette samarbeidet tilrår arbeidsgruppa at dei regionale ressursane så langt råd blir kanaliserte til å støtte og følgje opp samarbeidskommunane.